

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 10.09.2024

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Ingrid Stranden Haavik, Jon-Harald Huus, Guri Bugge (via Teams) og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Veslemøy Mjelde

Referent: Kaia

Sak 2024/47: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2024/48: Godkjenning av referat frå styremøte 13.08.2024. Godkjent
Kommentar til sak 2024/43: maling på kulturhuset er avslutta for i år grunna mykje regn. Skiltet på helleristingsfeltet er purra på til Vestland fylkeskommune, me har ikkje fått svar.

Sak 2024/49: Eigedomar:

- Forsikring av eigedomar. Bygdelaget vil ta ein gjennomgang av eksisterande forsikringar og få tilbod frå fleire forsikringsleverandørar. (Kulturhuset med uteareal, Meieriet og innbu i båtbyggjarmuseet og krambua). Pr i dag er Meieriet forsikra i IF, resten i Gjensidige.

Sak 2024/50: Tilstellingar:

- Haustmarknad i samarbeid med Herand Handel 21.09.2024. Musikkinnslag kl. 12.00. Bygdelaget vil selja laks i heile sider. Pr no er det meldt 14 utstillarar - frukt, bakst og handverk. Styret riggar fredag 20.09 kl. 18.00; sette opp telt, køyre ned bord/stolar etc. Velkommen til ein kjekk marknadsdag!
- Oppsummeringsmøte etter turistsesongen vert 22.10.2024 kl. 19.00 i matsalen på Herand kulturhus. I år vil me ha eit tema for møtet; besøksstrategi. Britt Dalland frå fylkeskommunen vil ha innleiing på temaet. Alle velkommen!
- Evaluering etter årets sesong på Kulturhistorisk Senter. Besøktal; 141 vaksne, 51 barn i år. God nedgang i dagar utan besøk dette året. Eit leirskule besøk (ca. 20 elevar). God erfaring med tilsette som kan jobbe over fleire veker. Gjestane er positive. Servering var populært. Kjekt med litt musikkinnslag. Oppsummert er me nøgd med sesongen. Me ynskjer tilbakemelding i oppsummeringsmøte for turistsesongen, og vil ha HKS som sak i styremøtet i november for å starta planlegging av neste sesong.
- Julegrantenning og juletefest. Me foreslår tenning av julegran fredag 29.11 og at fleire lag samarbeider om eit arrangement. Diskusjon om plassering av julegrana og korleis sikra den frå å blåsa ned/skeiv. Ingrid snakkar med bedehuset, Kaia snakkar med idrettslaget og butikken om arrangementet. Det må kjøpast nye ljøs til treet. Det er rode 2 Tveitehagen/Tveiten som er ansvarleg for julefest 2. juledag. Ole tek boka til roden. I år vert det plastjuletre i kulturhuset.
- Haustdugnad laurdag 5. oktober kl. 10.00; ta inn robåten og stenge båtbyggjarmuseet. Rydde inn blomepotter, bord og benker. Etterstramme boltar på klatra/leikeapparata ++. Velkommen med!

Sak 2024/51: Økonomi:

- Status.
 - ✓ ordinær søknad om momskompensasjon for året 2023 er sendt inn (fristen var 1.sept).
 - ✓ søknad om straumstøtte for april-mai-juni er sendt inn (frist 11.sept). Har rett på kr 152,- i støtte.
 - ✓ tilskot kr 20.000,- frå Friluftshovudstadsmidlar er innvilga, kr 5000,- er utbetalt. Kriteriet er truleg at det må sendast inn rekneskapsrapport for å få utbetalt heile tilskotet.

Sak 2024/52: Andre saker/eventuelt:

- Seniormiddag – me har fått førespurnad om å laga til seniormiddag saman med Jondal Frivilligsentral tidleg i oktober. Fristen vert for kort grunna fleire andre tilskippingar, men me vil snakka med frivilligsentralen og prøve å få laga til ein seniormiddag ila vinteren.

Neste styremøte tysdag 15.10.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.